

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 23.04.2014
Sakhandsamar: **Synnøve Serigstad**
Saka gjeld: **Prolongering av funksjonsperioden til det regionale brukarutvalet i Helse Vest RHF**

Arkivsak
2012/415/
Styresak 059/14

Styremøte 09.05. 2014

Forslag til vedtak

Styret i Helse Vest forlenger funksjonsperioden til brukarutvalet til 31.12.2014.

Oppsummering

Våren 2014 skulle det etter planen ha vore nemnt opp nytt regionalt brukarutval i Helse Vest. Som ein konsekvens av at dei nye retningslinjene for brukarmedverknad i Helse Vest slår fast av funksjonsperioden skal vere frå januar til januar 2 år etter, rår administrerande direktør styret i Helse Vest om å be brukarutvalet om å forlenge funksjonsperioden sin til 31.12.2014.

Fakta

Styret i Helse Vest RHF vedtok i styremøte den 2. april 2014 felles retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Vest. Retningslinjene skal gjelde for alle brukarutvala i Helse Vest. Retningslinjene er rettleiande, og definerer eit felles minstemål for brukarmedverknad i føretaksgruppa, som kan tilpassast lokale variasjonar. Oppnemningstidspunkt, periode og forholdet til styret skal vere likt i alle føretaka.

Våren 2014 skulle det etter planen ha vore nemnt opp nytt regionalt brukarutval i Helse Vest. Som ein konsekvens av at dei nye retningslinjene slår fast at funksjonsperioden skal vere frå januar til januar 2 år etter, rår administrerande direktør styret i Helse Vest om å forlenge funksjonsperioden til det regionale brukarutvalet til 31.12.2014. Helse Vest vil ta kontakt med pasientorganisasjonane hausten 2014 med tanke på nyutnemning frå 2015 av.